

REFERAT FRÅ MØTE I STRANDEBARM SOKNERÅD 16.11.23

Desse møtt: Renate Bakkely Nernes, Tor Håkon Berge, Lillian Hjartåker Fosse, Margun Mikkelsen Tordal, Helena de Groen, Jorunn Brurok Lillefosse, Vetle Karlsen Eide.

Forfall: Kjell J. Hoff.

Margun yngste velkommen og hadde nokre fine velkomst ord til oss.

Det var ingen merknader til innkallinga, anna at sak 39/23 vert tillagt forrige møte. Første sak på dette møte vert då 40/23.

SAK 40/23 REFERAT FRÅ FORRIGE MØTE VART LESE OPP.

Det var ingen merknader til det.

SAK 41/23 ORIENTERINGAR.

Det vart orientert om kva kontoar me kunne nytta ved innkjøp til forskjellige aktiviteter tilknytt soknerådet på Coop Prix i Strandebarm.

Vi fekk vita kvar nøkkelboksane til dei ulike bygga var plassert, og kodane for desse.

Det er ordna med personar til å hengja opp plakatar på Innstranda og i Strandebarm. Margun jobbar med å få nokon til gjera dette på Mundheim.

Vetle "presenterte" oss for kven som jobbar i kyrkja i Kvam, og kva oppgåver/ansvar dei forskjellige har.

Jorunn refererte frå "Samhandlingsmøte" med Strandebarm grendautval 15.11. - Korleis vil me arbeida for å gjera bygdene våre meir attraktive å bu i/besøkja.

SAK42/23. 1 REDAKSJONSMEDLEM, KYRKJEBLADET FOR KVAM.

Det skal veljast ein person som har som oppgåva og levera lokalt stoff til kyrkjebladet.

VEDTAK: Det var samrøystes einigheit som å spørja Johannes Børsheim og Karen Mathisen om dei kunne tenkja seg dette oppdraget.

SAK 43/23. KYRKJEVERTAR.

Me treng liste over kyrkjevertar for 2024. Fleire av dei som var med i soknerådet i forrige periode har sagt seg villige til fortsatt å vera med.

VEDTAK: Tor Håkon tek på seg å setja opp liste over kyrkjevertar for 1.halvår -24.

SAK 44/23. KVA ORGANISASJONAR FÅR TILDELT OFFER FRÅ STRANDEBARM KYRKJELYD.

VEDTAK: Disse org./lag får tildelt offer frå gudstenestene i Strandebarm 1.halvår- 24. Kirkens SOS, N.L.A., Kirkens Nødhjelp, Søndags-skolen i Norge, KRIK, Himalpartner, KIA, N.M.S., Sjømannskyrkja, Kyrkjelydsarbeidet, Kyrkjeorgelet i Strandebarm. Margun set opp liste over kva for gudstenester dei forskjellige får tildelt.

SAK 45/23. MEDLEMMER TIL ORGELNEMND. Kven skal nemna ut medlemmer?

VEDTAK: Soknerådet kan nemna ut medlemmer til ei arbeidsgruppe. Me har laga ei liste over aktuelle namn på personar frå næringsliv, kultur, politikk og bygdefolk som det er aktuelt å spørja. Dette vil me koma tilbake til på eit seinare møte.

SAK 46/23. JULEFEST.

VEDTAK: Julefesten vert søndag 7.januar kl.16.00-18.00 i kyrkjelydshuset. Jorunn, Lillian og Helena syter for mat. Vetle held andakt. Elles vert det stort sett same program som i fjor.

SAK 47/23. TANKESMIE. Denne vart flytta til neste møte.

Vi avslutta møte med Fader Vår. Møte slutt kl. 21.15

Jorunn Brurok Lillefosse

-sekretær-